

Vitskapleg teologi og akademisk fridom

Arne Redse

Professor i religionsdidaktikk ved Institutt for religion,
livssyn og kyrkjefag ved Høgskulen i Volda
Professor i misjonsvitskap ved Fjellhaug Internasjonale Høgskole
Arne.Redse@hivolda.no

I denne artikkelen vil eg forsøke å peike på nokre grunnleggande kjenne-teikn ved vitskapleg teologi. I siste delen vil eg seie litt om kva den presenterte forståinga av teologien som vitskap bør innebere av akademisk fridom for den enkelte teologiske forskaren, men også for dei teologiske forskingsinstitusjonane.

Nøkkelord: Akademisk fridom, erfaring, epistemologi, fornuft, sanningskriterier, sanningsspørsmålet, teologi som vitskap, trusposisjonar, vitskapsteori

1 Sanseerfaringane, fornufta og sanningsspørsmålet

Iall vitskap vil sanseerfaringane, fornufta og sanningsspørsmålet by seg fram som grunnleggande kategoriar som krev å bli nærare sirkla inn. Korleis kan vi definere desse grunnleggande omgrepa? Eg finn det rett og nyttig å starte her. I dei følgjande fire underpunkta vil eg altså seie litt om dette.

1.1 Sanseerfaringane og fornufta – på leit etter meir kunnskap

Vi registrerer røyndommen rundt oss med sansane våre. Allereie som nyfødde tek vi til å systematisere røyndommen rundt oss i ting og kategoriar av ting (omgrep). Vi registrerer at tinga opptrer etter faste reaksjonsmønstre når vi set dei i bevegelse (naturlovene). Vi byrjar å ta i bruk det vi omtalar som *fornufta* som eit reiskap til innsikt i samanhengane i tilværet. Etter kvart lærer vi å trekkje *logiske konklusjonar* ut frå naturlovene som vi er blitt kjende med – først på det praktiske planet,

seinare også på det meir abstrakte.

Vi er alle meir eller mindre opptekne av å tileigne oss kunnskap om tilværet rundt oss. Kva er tilfelle, kva er ikkje tilfelle, men berre fantasi? I filosofien inkluderer ein tradisjonelt *sanningsomgrepet* i sjølve *kunnskapsomgrepet*. ”Knowledge is justified true belief” er ein vanleg kunnskapsdefinisjon.¹ Kunnskap om ei sak er noko vi held for sant om saka (*a true belief*). Det vi held for sant om saka, er sant. Og vi held det sanne for sant fordi vi meiner vi har tilstrekkeleg gode grunnar for å gjere det (det er *justified*).

Alle etiske bod vert meiningslause dersom det som dei påbyr eller forbyr, ikkje er ærleg meint som påbod eller forbod. Sanningskravet/ærlegdomskravet må derfor reknast som eit etisk bod i ei klasse for seg – som eigentleg vedgår alle etiske bod. Og er det ikkje slik at ærlegdom og truverde er ei av dei haldningane vi verdset høgast hos medmenneska våre?²

Kort sagt, vi (1) *erfarer* verda, og (2) vi handsamar det vi erfarer, med det vi kallar

fornufta. Vi har tillit til at det vi opplever, gjev oss *sanne* førestillingar om røyndommen, og at fornufta vår evnar å gripe dei *viktigaste* lovmessige samanhengane mellom desse førestillingane – dei vi treng å sjå i kvardagslivet. Har vi gode grunnar for det?

1.2 Er sanseerfaringane og fornufta – rimeleg pålitelege kjelder til kunnskap om røyndommen

Vi har ingen annan port til røyndommen rundt oss enn det sanseapparatet vi er utrusta med. Derfor kan vi ikkje vite 100 % sikkert at det vi sansar, svarar 100 % til røyndommen.³ Vi kan ikkje etterprøve det på ein sanseuavhengig måte. Vi må vel tvert imot rekne med at sanseapparat til den enkelte ber med seg eit visst *subjektivt* preg. Det finst fargar som fargeblinde ikkje ser, og ”fargar” (frekvensar av elektromagnetisk stråling) som ingen menneske ser (for eksempel infraraudt og ultrafiolett), men som enkelte dyr kan sjå. Det finst lydfrekvensar som høyrsla vår ikkje kan fange opp, men som enkelte dyr opplagt kan høyre.⁴ Dersom vi ber to personar som har opplevd ei hending saman, å fortelje kvar for seg det dei opplevde, vil vi neppe høyre to identiske forteljingar.

På den andre sida vil vi i praksis rekne med at sansane våre er tilstrekkeleg pålitelege til å gje oss den informasjonen vi treng i kvardagen. To forteljingar frå to personar, om same hending, vil, trass i ulikskapar, normalt vere mykje like. Dei alle fleste meiner å ha gode grunnar for å stole på sansane sine. Då bør vi også ha gode grunnar for å stole på forteljingar om opplevingar som andre har hatt – vel og merke dersom vi kjenner forteljarane som pålitelege menneske. Vi vurderer heile tida kor pålitelege andre menneske og skriftlege kjelder eigentleg kan vere. Ikkje minst i forskning er det svært viktig å vere

kritisk til kjeldene som ein legg til grunn.

Også fornufta vert til dels subjektivt utvikla. Vi seier at grensene for forståingshorisontane våre ikkje fell saman på alle måtar.⁵ Dei grunnleggande føresetnadene (aksioma/fordommane) for tenkinga vår vil derfor ikkje samsvare i alt. Derfor unngår vi ikkje at resonnementa våre får eit visst subjektivt preg. Logikken i eit resonnement kan rimeleg greitt sjekkast. Det subjektive vil ligge i dei grunnleggande føresetnadene vi bygg på. Å sjekke logikken i eit resonnement er også enklare enn å sjekke sanningsgehalten i erfaringspåstandar.

Handsamar vi sanseintrykka våre, andre sine forteljingar og resonnements-evna vår med ei kritisk innstilling, bør vi ha gode grunnar til å kunne rekne med at det vi oppfattar med sansane og tolkar med forstanden, korresponderer rimeleg godt med verkelegheita – sjølv om subjektive element alltid vil farge perspektiva våre til ei viss grad.

1.3 Sanningsspørsmålet – kva er sanning? er sanninga éi?

Filosofien stiller først eit heilt grunnleggande spørsmål når det gjeld sanningsomgrepet. (1) Kva meiner vi når vi seier at noko er sant? Vidare spør ein gjerne: (2) Er det som er sant, sant til alle tider og alle stader? Med andre ord, er sanninga om ei sak *éi og objektiv*? Eller er den meir eller mindre relativ og kontekstbestemt?

Den tradisjonelle og utan tvil mest slitesterke definisjonen på sanning finn vi først utvikla av den greske filosofen Aristoteles (384 – 322 f.Kr.). Kort og enkelt sagt seier den at: *Ei utsegn er sann når den stemmer overeins (korresponderer) med faktum, og usann når den ikkje gjer det*. Vi kallar denne forståinga av sanningsomgrepet for ”korrespondanseteorien”.⁶ Ut frå denne definisjonen vil ei utsegn

vere meir eller mindre sann ettersom den korresponderer meir eller mindre med røyndommen. Det må vere rom for ein viss grad av subjektivitet i ei utsegn utan at ein må seia at den ikkje korresponderer med faktum. Vi må ha med i bildet dette at vi aldri kan lausrive oss frå forståingshorisonten vår.

Når det gjeld det andre spørsmålet (er sanninga om ei sak *éi*, eller relativ?), vil dei fleste seriøse vitskapar, spesielt realvitskapane, opererer med ei sanningsforståing der ein oppfattar sanninga som *éi* – i motsetnad til relativistiske forståingar av sanningsomgrepet. I tradisjonell, klassisk teologi tenkjer ein på same måten. Sanninga er definitivt *éi*. Det er spesielt humanvitskapane som har eksperimentert med sanningsforståingar i relativistiske retning i seinare tid. Og det er spesielt tankar om etiske spørsmål og om transcendentle storleikar som vert gjort til gjenstand for relativisering. ”Kvar vert sæl i si tru.” Det er vanskelegare å tru at bussen går når det passar meg best, heller enn til den tida som står i rutetabellen. Generelt må vi kunne seie at det fell oss svært naturleg å tru at sanninga er *éi*.

1.4 Sanning – eit sentralt teologisk omgrep

Sanning er eit sentralt teologisk omgrep. Gud er truverdig, heiter det. Guds openberring må derfor vere sann. Det Gud openberrar for oss, må korrespondere med verkelegheita. Guds ord går ikkje ut på dato. Sanninga er derfor etter kristen tenking den same til alle tider og alle stader. Den er *éi*. Den kan ikkje relativiserast.

Jesus er kjernen i Guds openberring. Jesus omtalte seg som *Sanninga*.⁷ Å lære Guds openberringssanning å kjenne inneber derfor i djupaste forstand å lære å kjenne Jesus, ikkje berre hans ord, men han sjølv personleg. Å kjenne sanninga i

bibelsk forstand inkluderer såleis eit personleg tilhøve til Jesus. ”Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min.” (Joh 15:15). Djupast sett flyt sanningsomgrepet og det som vi erfarer og erkjenner i eit nær forhold til den treeinige Gud, saman etter bibelsk tankegang.

2. Vitskapleg forskning og grunnleggande trusposisjonar

Eg vil så argumentere for at all forskning er bygd på grunnleggande trusposisjonar. Eg peikar deretter i neste underpunktet (2.2) på åtte kjenneteikn som eg meiner vi kan finne ved slike ”basic beliefs”.

2.1 All forskning bygg på grunnleggande trusposisjonar

Alle vitskapar opererer med grunnleggande føresetnader i sitt syn på røyndommen og som basis og utgangspunkt for forskinga. Humaniora (historie, litteraturvitskap, språk, filosofi, teologi) gjer det i større utstrekning enn realvitskapane. Den vedkjenningsbundne teologien er blant dei vitskapane som legg flest og mest spesifikke trusføresetnader til grunn. Men til og med naturvitskapane opererer med sine såkalla ”aksiom” som dei ikkje kjem utanom. Innan humaniora kallast trusføresetnadene gjerne ”basisantagelser” på bokmål.⁸ Vi har ikkje ein tilsvarende term på nynorsk; det næraste måtte vere ”basisutsegn”. Den engelske fagtermen er ”basic beliefs” eller ”foundational beliefs”. Kanskje den beste omsetjing av ”basic beliefs” vil vere ”grunnleggande trusposisjonar”?

Som eksempel på *grunnleggande trusposisjonar* som dei fleste menneske opererer med som sjølvinnlysande, kan nemnast: Eg finst. Andre menneske med same type medvit som eg har, finst. Verda finst. Sansane mine er rimeleg pålitelege.

Minnet mitt kan hugse verkelege hendingar i fortida. Sanninga er éi.

Som eksempel på *matematiske aksiom* kan vi nemne den greske matematikaren Euklids geometriske postulat.⁹

Som eksempel på grunnleggande trusposisjonar i tradisjonell teologi kan vi nemne: Det finst ein og berre ein Gud. Gud har tre personlege medvit (eg) i ein viss analogi med medvit hos oss menneske (vi er skapte i Guds bilde). Gud er skapar av alt som finst, men er sjølv uskapt og evig. Gud er overordna rommet og tida. Gud har openberra seg for oss menneske i rom og tid. Bibelen er Guds openberringsord – og truverdige. Alt det som Bibelen formidlar om kristen lære og liv, er å forstå som Guds ord og derfor bindande for oss. Jesus er sann Gud liksom Gud Fader, og sant menneske liksom oss, men utan synd. Jesus stod opp frå dei døde.

Staten legg visse grunnleggande etiske trusposisjonar til grunn for forskinga. Jf. dokumentet ”Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi”.¹⁰ Det dreier seg om respekt for menneskeverdet, om vitskapleg ærlegdom og integritet, og om ei rekkje andre etiske grunnposisjonar. Når det gjeld menneskesynet, vil mykje av forskinga i Vesten operere med den ”basic belief” at menneskeverdet er unikt og at alle menneska er likeverdige. Men det kan synest som at denne føresetnaden er i ferd med å rakne ved inngangen og ved utgangen av livet.¹¹

Mange universitet og høgskular opererer i tillegg med endå meir spesifikke etiske trusposisjonar i form av verdimål dei vil at forskinga skal vere med å fremje. Jf. for eksempel verdierklæringa til Norsk senter for menneskerettar (SMR) ved Universitetet i Oslo: ”Norsk senter for menneskerettigheter har som formål å bidra

til realiseringen av de internasjonalt vedtatte menneskerettighetene. ... SMR bygger sin virksomhet på de internasjonalt vedtatte menneskerettighetene og på grunnleggende verdier som tillit og solidaritet, respekten for alle mennesker, deres verdighet, frihet, likhet og forskjellighet, samt akademiske verdier som kollegialitet, kritisk refleksjon, akademisk frihet og etisk innsikt.”¹² Dette svarar på mange måtar til formåls- og verdiparagrafane til teologiske institusjonar som for eksempel Fjellhaug Internasjonale Høgskole (FiH), som forpliktar sine tilsette på Norsk Luthersk Misjonssambands (NLMs) verdidokument: *Grunnlagsdokument for ansettelse i Norsk Luthersk Misjonssamband*.¹³ Den akademiske verda er såleis på ingen måte verdinøytral og føresetnadslaus.

Sekularistiske forskarar som gjerne trur at dei vert meir føresetnadsause når dei legg til grunn for forskinga si at det *ikkje* finst nokon guddommeleg instans, tek feil. Problemet er ikkje trusposisjonen deira (at det ikkje finst nokon Gud) – for det er sjølv sagt ein *mogeleg* trusposisjon. Problemet er at mange av dei ikkje vil vedgå at også ein slik reduksjonistisk føresetnad er ein *trusposisjon*. Dermed opptrer dei lett intolerant og nedlatande overfor teologar og teologiske institusjonar som legg ein teistisk trusposisjon til grunn for forskinga si. Ta for eksempel religionsforskning som utelukkar trua på ein transcendent dimensjon som ein *mogeleg* truverdige trusposisjon. Eit slikt syn er ikkje meir vitskapleg enn teologi og religionsforskning som opererer med at ein slik dimensjon finst eller kanskje finst (agnostisk posisjon). Teke i betraktning at dei aller fleste menneske meiner at dei har gode grunnar for å tru at ein transcendent dimensjon finst, bør vi kunne seie at ei

religionsforskning som opererer med eksistensen av ein slik dimensjon, eller lar spørsmålet stå ope, er vel så vitskapeleg som ei forskning som utelukkar den.

Vi må altså kunne seie at trusposisjonar som inkluderer trua på ein transcendent dimensjon, fullt ut må aksepteras som vitskapeleg mogelege – ja, som meir sannsynlege enn trua på at Gud ikkje finst, vil mange seie at det er gode grunnar til å meine. Men oftast fordrar ikkje forskingsobjektet at ein tek stilling til akkurat det spørsmålet. Naturvitskapen treng vel aldri ta stilling til spørsmål vedrørande det transcendent/metafysiske. Vi seier gjerne at den kan operere ”metodisk agnostisk”. Men likevel har også naturvitskapen sine aksiom, som vi alt har vore inne på.¹⁴ I samfunnsvitskapane og humaniora kan det vere meir naturleg å operere ut frå visse metafysiske føresetnader – for eksempel når det gjeld menneskesyn slik dette for eksempel kjem til uttrykk i forskningsetiske retningsliner.¹⁵ I teologien har det vore opplagt at ein gjer det, elles vil ein seie at det ikkje dreier seg om teologi, men om religionsvitskap.¹⁶ Tradisjonell teologi legg først av alt til grunn at det finst ein gud.

Etiske trusposisjonar opererer alle vitskapane med, som vist. I vestlege demokrati er slike trusposisjonar pålagde forskninga av staten, som allereie nemnt. Elles kjem ingen vitskap, inga forskning, sjølv ikkje den mest deskriptive, utanom *objektivitetskravet* og *sanningskravet*. Set ein dette til sides, dreier det seg ikkje lenger om forskning.

Vi ser altså at grunnleggande trusposisjonar er føresetnader som vi berre *må* legge til grunn for at forskning i det heile teke skal finne stad. Noko *må* vere utgangspunktet, og dette ”noko” til slutt i føresetnadskjeda vil vere ein trusposisjon. Føresetnadslaus forskning finst ikkje.

Ein kan stille seg nøytral til mange mogelege grunnleggande trusposisjonar alt etter kva forskingsgrein det dreier seg om, og alt etter kva forskingsobjektet er. Men ein kan ikkje stille seg nøytral til alt. Det er ei myte. Dei nyare hermeneutikarane har ettertrykkeleg avslørt denne myta. Det gjeld ikkje minst filosofen Hans-Georg Gadamer (1900-2002).¹⁷ Ikkje berre legg vi *medvitne* trusposisjonar til grunn som føresetnader, vi unngår neppe å inkludere også våre *mindre medvitne* og *umedvitne* ”fordommar” (”Vorurteil”). Det gjeld både på individplanet og på institusjonsplanet. Filosofen og sosiologen Pierre Bourdieu (1930-2002) kallar dei mange umedvitne grunnføresetnadene vi opererer med, for ”doxa”.¹⁸ Filosofen Alvin Plantinga (1932-; amerikansk kristen filosof) hevdar at det vi *medvite* reflekterer over innan det han kallar vår ”noetiske struktur” (som svarar til forståingshorisonten), berre utgjer ein liten del av denne.¹⁹

2.2 Meir spesifikt om grunnleggande trusposisjonar

Vi må sjå litt nærare på omgrepet *grunnleggande trusposisjonar* (*basic beliefs*). Kva kjenneteiknar slike ”beliefs”, kva rolle spelar dei i forskninga?

1. Grunnleggande trusposisjonar kan ikkje grunnjevast og bevisast i vanleg forstand. Dei kan ikkje utleiast logisk av meir grunnleggande påstandar, for dei er sjølve dei mest grunnleggande påstandane om det dei påstår. Viss dei kan grunnjevast ut frå endå meir grunnleggande trusposisjonar, ville desse ta frå dei plassen og rolla som grunnleggande. Kunnskap som vi ikkje reknar som grunnleggande trusposisjonar (*basic beliefs*), kan vi ganske enkelt karakterisere som ikkje-grunnleggande kunnskap (*non-basic beliefs*). Dette vil då vere avleia kunnskap.

2. Fordi ”basic beliefs” ikkje kan bevisast, må vi rekne dei som nettopp *trusposisjonar* (”beliefs”). Det dreier seg om tru. Også i naturvitskapen er det slik, som vist. Det er ikkje slik at *tru* berre høyrer religionane til, eller humaniora generelt, men ikkje natur- eller samfunnsvitskapane.

3. Det seier seg sjølv at det finst mange ”beliefs” som ligg nær opp til dei som ein vitskap reknar som ”basic beliefs”, men utan å vere det. I teologien vil trua på normativiteten til vedkjenningskrifter gjerne bli tillagd ein slik grunnleggande posisjon utan å vere heilt ”basic”. Den vil ikkje vere ”basic” i same forstand som trua på Bibelen som normativ. I luthersk teologi seier vi at vedkjenningskriftene er ”*norma normata*” (avleia norm). Derfor treng vi ikkje kvar gong vi på eit vitskapleg nivå analyserer og vurderer eit dogmatisk spørsmål innan luthersk teologi, grunnkje kvifor vi legg trua på dei lutherske vedkjenningskriftene til grunn som ein trusposisjon. Dette kan vi rekna som allereie gjort på tilfredsstillande vitskapleg vis innan den lutherske dogmatikken.

4. Grunnleggande trusposisjonar bidrar til utviklinga av det vi kan kalle grunnleggande *omgrep* og ein grunnleggande *fagteori* innan dei ulike fagfelt. Teologien operer for eksempel med trua på at Gud finst som eit personleg medvit og at han har skapt universet av ingenting, som grunnleggande teoriar. Omgrepet *Gud* slik vi finn det i Bibelen, er sjølv sagt heilt sentralt i kristen teologi. Læra om relasjonane mellom Gud, alt det skapte og mennesket som skapt og sett til forvaltar av det skapte, utgjier ein grunnleggande *teori* i teologien.

5. Vi kan illustrere den plassen som dei grunnleggande trusposisjonane i livssynet vårt har i heilskapen, ved hjelp av puslespelet som bilde. Trusposisjonane kan

samanliknast med dei mest sentrale brikkene i puslespelet, brikker som ikkje kan mangle dersom avgjerande trekk ved bildet skal kome klart fram og bli forstått rett. Dei fleste elementa innan vår forståingshorisont – innan verda slik vi medvite og umedvite oppfattar den – er *ikkje* grunnleggande. Mange enkeltdelar kan passe dårleg inn i det som framstår for oss som det totale bildet, men utan at det betyr så mykje for totaliteten. Vi ser eit bilde, og kan rekne dette som i hovudsak det bildet puslespelprodusenten la til grunn. Kanskje finst det brikker som heilt opplagt ligg på feil plass, eller ikkje høyrer med til puslespelet. Og det finst brikker som manglar – kanskje mange. Det viktige er likevel at dei sentrale bildeskapande brikkene er der og ligg rett. Slik er det også med det totale og strukturerte omfanget av alt det eit menneske veit og trur er sant – ein persons verden i strukturert form (vår ”noetiske struktur”). Det er viktig at dei grunnleggande trusposisjonane verkeleg høyrer med til puslespelet (dvs. at dei er sanne) og ligg rett (dvs. at dei får vere ”basic”). Byter vi ut desse sentrale brikkene i puslespelet med andre sentrale brikker, vil heile bildet endre seg drastisk. Vi sit kanskje att med utkastet til eit anna bilde, eit anna livssyn – ein annan religion.

6. Det er brei semje om at dei grunnleggande trusposisjonane som vi vel å legge til grunn for forskinga vår, må kunne reknast som rimelig breitt anerkjende innan den aktuelle vitskapen. Dei bør ikkje vere for sære. Som nemnt vil humaniora-vitskapane i forskjellig grad inkludere fleire grunnleggande trusposisjonar som femner ein god del vidare enn aksioma i naturvitskapen. Dette har ein tradisjonelt meint at det er gode grunnar for å godta. Eg kjem tilbake til dette med kritisk vurdering av grunnleggande trus-

posisjonar i hovudpunkt 4.

7. Det er viktig og rekne som eit teikn på vitskaplegheit at vi klart og eksplisitt gjer greie for dei grunnleggande trusposisjonar vi bygg på i forskinga vår. Professor John Nome (1904-1980) ved Menighetsfakultetet var spesielt oppteken av å avdekke dette at forskjellige livssyn og vitskapar alltid bygg på grunnleggande trusposisjonar, eller "aksiom" som han sa. Nome omtalte arbeidet med å avdekke grunnleggande trusposisjonar for "*aksiomkritikk*".²⁰ Ein open og tydeleg presentasjon av føresetnadsgrunnlaget ein bygg på, må forståast som ei naudsynt sak ved alt seriøst vitskapleg arbeid, understreka Nome.

8. Fordi dei grunnleggande trusposisjonane er utgangspunktet for forskinga vår, gjer vi med presentasjonen av desse klart kva for grunnlag vi strengt fagleg seier oss forplikta til å forsvare forskinga vår utifrå. Samstundes seier vi at vi ikkje er villige til å forsvare den ut frå eit anna grunnlag. Dei som vil kritisere forskinga vår, må anten kritisere den ut frå grunnlaget som den bygg på (det vi kallar "immanent kritikk"), eller dei må kritisere sjølve grunnlaget meir enn den konkrete forskinga ("transcendent kritikk").²¹ Og kritiserer dei sjølve grunnlaget, går dei eigentleg laus på noko anna enn den konkrete forskinga. Då går dei eigentleg til angrep på fagmiljøet som legg dei same grunnleggande trusposisjonane til grunn.

Eg kjem tilbake til dette med kritikk og forsvar av grunnleggande trusposisjonar i hovudpunkt 4.

3. Kjenneteikn ved kritisk prøving av forskingsresultat

Under dette hovudpunktet vil eg framheve tre kjenneteikn ved kritisk prøving av forskingsresultat. Det dreier seg om argumentasjonen, metodar og sanningstema.

3.1 Argumentasjonen (logikken) i arbeidet må halde mål

I alt fagleg arbeid som ein presenterer som forskning, er det som sagt forventa at ein *klarlegg ope dei grunnleggande føresetnadene* ein bygg på. Vidare er *måten ein argumenterer på*, eit viktig kjenne-teikn ved kritisk vitskap. Samanhengen mellom føresetnader og konklusjonar må kome tydeleg fram og halde mål logisk. Vi må argumentere slik at det er mulig å følgje konklusjonane vi har kome fram til, tilbake til dei premissane (m.a.o. dei grunnleggande trusposisjonane og erfaringsdata) vi utleia dei frå. Resonnementet frå føresetnader til konklusjon må kunne halde mål argumentasjonsmessig etter dei krava logikken stiller. Vi snakkar om logisk konsistens. Dette gjeld ikkje berre i naturvitskapen, men også i dei humanistiske vitskapane.

Når det gjeld data som vi samlar inn, eller kjelder vi legg til grunn, eller personlege erfaringar, så er det viktig å kunne gjere greie for at stoffet er rimeleg påliteleg og vert brukt i samsvar med graden av truverde.

3.2 Metodane må kunne forsvarast

Vidare dreier det seg om forskingsmetodane ein nyttar. I teologien som i andre vitskapar må vi vere medvitne om korleis vi vel, utviklar og forsvarer arbeidsmetodane våre. Metodane må presenterast tydeleg og brukast konsekvent. Og dei må vere relevante for forskingsobjektet.

Dei forskjellige fagfelte innan teologien brukar i stor grad metodiske grep som ein nyttar innan tilsvarande felt i parallelle vitskapar. Bibelforskinga nyttar litteraturvitskaplege grep – grep for tilsvarande tolking av andre gamle tekster. Bibeltolkinga er for ein stor del deskriptiv.

Samstundes bør bibelforskinga vere seg medviten at den legg til grunn trus-

posisjonar som vanleg litteraturforskning eller religionsvitskap ikkje opererer med. Det dreier seg om grunnleggande teologiske trusposisjonar – som at det finst ein Gud, han har openberra seg, openberinga hans er gjengjeven for oss i Bibelen, han er truverdig og motseier ikkje seg sjølv, noko som medfører at bibelskrift i siste omgang kan lesast i lys av bibelskrift.

Dersom ein ikkje legg desse trusposisjonane til grunn, vil resultatane i bibelforskinga fort bli annleis enn om slike føresetnader klart ligg til grunn. Det blir då fort ei utanfråbasert historie- og religionsforskning utan engasjement og utan målsettingar som å klargjere Guds openbering. Det er stor forskjell på å forstå GT som ei utfolding av Guds openbering og å forstå den som ei menneske- og samfunnsskapt nedteikning av utviklinga i hebrearane si religiøse tenking. Teologisk bibelvitskap må legge trusføresetnader til grunn som religionsvitskapen ikkje vil operere med, eller i beste fall setje parentes rundt.

Når mange teologar i dag hevdar at den kristne etikken slik vi finn den presentert i Bibelen, må overprøvast av allmennmenneskelege tankar om kva som er etisk rett, kvar blir det då av den logiske konsistensen i den kristne læra om ein allmektig og sannferdig Gud som har openberra mellom anna sine bod for oss menneske? Kva grunnar må i så fall den allmektige og truverdige Gud ha hatt for å opptre så klossete og lite tillitvekkande i det som han har formidla til oss om si lov?

Kan vi ikkje innvende følgjande? Dersom det finst ein allmektig og sannferdig Gud som har openberra seg, er det mindre truleg at denne Gud har late det som han ville openberre for oss menneske, vere miksa saman med stoff som ikkje kan reknast som openbering, enn at han

har late openberringsskriftene formidle påliteleg openbering i alt dei intenderer å lære oss om tru og liv?

Kyrkje-, misjons- og teologihistoria er primært deskriptiv og nyttar i stor grad historieforskinga sine grep. Her vil spesifikt teologiske trusposisjonar spele ei mindre rolle. Men samanhengar kan peikast på som innbyr til teologiske refleksjonar. Gud er trass alt Herre over historia. Spørsmål kan reisast som krev normative teologiske svar.

Den systematiske og praktiske teologien (inkludert misjonsteologien) nyttar grep som ein finn innan andre normative vitskapar – for eksempel innan moralfilosofien. Ein *presenterer* (deskriptivt), *analyserer* (deskriptivt og normativt), *vurderer* (normativt) og *appliserer* (normativt). Det normative må byggje på spesifikt teologiske trusposisjonar, slik også utgåver av normativ moralfilosofi legg forskjellige trusposisjonar til grunn.

Medan bibelforskinga og kyrkjarahistoriefaget opererer nokså fritt i høve til konfesjonsgrensene (og dermed også kritisk i høve til desse), vil den systematiske og praktiske teologien plassere seg konfesjonelt – og den kan knapt anna. Forsøk på å plassere seg over eller mellom konfesjonane (som ”interkonfesjonell”) har i stor grad mislukkast. Det å ikkje ta stilling til for eksempel ulike dåpssyn er også eit dåpssyn – der dåpen i praksis vert lite viktig. Det mest vitskapleg truverdige er å vedgå kvar ein står konfesjonelt og innsjå at ein kvar ståstad inneber at ein distanseerer seg noko frå andre ståstader.

3.3 Det må vere tydeleg kva som er sanningstema

Det er eit typisk trekk ved mange teologar at dei vik tilbake frå å uttale seg normativt. Det synes å vere lettare for systematikarar å skrive dogmehistoriske avhand-

lingar enn normative systematisk-teologiske. Det er lettare og hevde at Paulus eller Luther meinte det er slik og slik og det gjorde dei fordi ... (historisk deskriptivt og analytisk) enn at hevda at det er mi kristne tru at det er slik og slik. Legg merke til forskjellen på desse to utsegna: Gud finst og har skapt alt! Paulus meinte at Gud finst og har skapt alt. Det siste må også ein ateist vere samd i.

Professor Tore Wigen ved Menighetsfakultetet var oppteken av dette: Kva gjer vi til *sanningstema*?²² Skal vi berre seie kva Paulus meinte, kva teologane har meint gjennom historia? Eller skal vi forske normativt og formidle kva vi ut frå Bibelen som normativ basis er blitt overtydde om er sann kristendom? Vi må gjere begge deler, men ikkje utelate det siste.

Elles bør vi vere tydelege om kva vi faktisk gjer i det enkelte høvet. Det er vitenskapleg kritikkverdig når vi ikkje er klare på om det vi presenterer, skal vere ei deskriptiv og analytisk framstilling av kva eit bibelsk skrift eller ein person i teologi-historia har meint, eller om det skal vere ein normativ systematisk-teologisk eller praktisk-teologisk presentasjon av saka. Vi bør være tindrande klare om når vi bevegar oss over frå det deskriptive til det normative.

4. Kritisk prøving av dei grunnleggande trusposisjonane

Heller ikkje dei grunnleggande trusposisjonane kan unndra seg prøving. Er dei sannsynlege? Finst det allmenne sanningskriterier dei kan prøvast ut frå? Dersom vi opplever at dei ikkje held mål, bør vi endre dei – skifte tru?

4.1 Krav om sannsynleggjering

Men omsyn til val av religion eller livssyn vil dei fleste i større eller mindre grad føl-

gje den tradisjonen dei er blitt oppseda og utdanna innan. Det gjeld også teologar. Men kan vi bli verande der utan ei viss kritisk prøving av dei trusposisjonane vi ligg til grunn for vår eigen versjon av kristentrua? Teologistudiet lar oss vel ikkje vere i fred i så måte. Dei fleste teologistudentar vil kunne fortelje om periodar med tvil og anfektningar. Er kristendommen truverdig? Er lutherdommen den mest truverdige versjonen av kristendommen?

Vi vil normalt meine at dersom vi skal tru at noko er sant, må det fortone seg for oss som *truverdig*. Men då må det kunne *sannsynleggjerast* at det er sant, elles er det ikkje truverdig. Vi treng ikkje bevise uomtvisteleg at det vi trur, er sant. Det finst ikkje nokon religion eller livssyn som vi kan rekne som uomtvisteleg bevist. Men vi bør ha *gode grunnar* for å meine at det vi hevdar, er sant. Det vi trur er sant, må fortone seg for oss som meir sannsynleggjort enn konkurrerande syn og oppfatningar. Grunngeving vil altså ikkje dreie seg om absolutte bevis, men heller om grader av sannsynleggjering, ofte i konkurranse med motstridande syn.

Då nyttar det lite å berre vise til Bibelen. For vi kan jo ikkje grunnje Bibelens autoritet med bibelsitat – som føreset nettopp tru på Bibelens autoritet. Det vil vere det vi kallar ein ”sirkelargumentasjon”. Då kan vi like gjerne hevde at Koranen er Allahs absolutte, autoritative ord – for den også presenterer seg jo slik. Den grunnleggande trusposisjonen, at Bibelen er kjelde og norm for teologien, må altså sannsynleggjerast uavhengig av Bibelens direkte sjølvpresentasjon.

Kva gode grunnar har vi for å meine at kristendommen er truverdig, at Bibelen er truverdig? Mange vil meine at vi kan og bør teste trusposisjonane våre mot det vi kan kalle ”allmenne sanningskriterier”.²³ Det dreier seg om eit sett av rimeleg all-

ment aksepterte kriterier for testing av *system av grunnleggande trusposisjonar (systems of basic beliefs)*.

4.2 Allmenne sanningskriterier

Vi opererer gjerne med desse sanningskriteria som rimeleg allmenne:

1. *Logisk konsistens*: Dei ulike grunnleggande trusposisjonane våre må ikkje motseie kvarandre. Kontradiksjonsprinsippet må gjelde. Unnataket kan vere lærestoff som ein meiner berre kan uttrykkast paradoksalt innan forståingshorisontane våre som døylege menneske. Luthers opererte med paradoks innan "nådens lys". Men i "herlegdommens lys" vil motseiingane finne si løysing.²⁴

2. *Læremessig koherens*: Dei grunnleggande trusposisjonane våre må kunne inngå i eit koherent system i den aktuelle vitskapen (religionen/livssynet), eit system med indre samanheng i teoriane som den aktuelle vitskapen opererer med. Enkelt-elementa må saman peike mot ein einskap og heilskap (induksjon), og forståinga av denne einskapen må på si side kaste betre lys over enkeltdelane (deduksjon).

3. *Dei grunnleggande trusposisjonane våre må kunne samsvare med våre felles erfaringar som menneske i historie og notid*. Også det transcendentale kan vere erfarbart sjølv om det ikkje er empirisk registrerbart og etterprøvbart. Dei elementa av verkelegheitsforståing som ein legg til grunn som trusposisjonar, må i prinsippet kunne gi rom for tolking av *alle* våre erfaringar, ikkje berre eit utsnitt av erfaringane. Ein bør altså for eksempel kunne forklare rimeleg godt ut frå eins eigen religiøse eller livssynsmessige ståstad kvifor andre religionar og livssyn finst. Vi bør altså ikkje oversjå eller unnlate å forsøke å forstå viktige allmennmenneskelege erfaringar som kan synest å

tale imot trusposisjonane våre.²⁵ Det vanskelegaste problemet i så måte for kristendommen sitt vedkomande er nok *det vondes og lidingas problem*.²⁶

4. *Den enkelte forskar innan humaniora vil heller ikkje kome forbi å legge til grunn dei personlege erfaringar sine*, sjølv om slike ikkje kan leggest til grunn i den allmenne argumentasjonen. I debatten med andre kan ein i beste fall seie som Peter: "For de [vi] har smaka at Herren er god." (1 Pet 2:3). Jesus lovde jo: "Den som vil gjera hans [Guds] vilje, han skal få kjenna om læra er frå Gud, eller om eg talar ut frå meg sjølv." (Joh 7:17).

Eit menneske kan oppleve Guds nåde som frigjerande for eit anfekta samvit. Dette opplever ein som høgst reelt, men det kan ikkje etterprøvast av andre på same måten som naturvitskaplege eksperiment kan det. Ei sterk oppleving av Jesu nærvær i ein vanskeleg situasjon kan heller ikkje etterprøvast. Men opplevinga synest like reell for den som opplever den, og derfor høgst relevant som sanningskriterium – for vedkomande. Opplevingar som den kristne tolkar som bønnehøyring, kan normalt tolkast annleis av andre. I den kristne sin relasjon til Jesus som Frelsar og Herre, som venn og trøystar, opplever han/ho Jesus som sannferdig, som verkeleg til stades – her og no og alltid.

Dette siste sanningskriteriet, som vi aldri kjem utanom – og slett ikkje i teologien, medfører at sanningspåstandar vedrørande grunnleggande trusposisjonar alltid vil ha eit markert subjektivt preg. For vanlege kristne på grasrotplanet vil det normalt vere *dette kriteriet* som vil vere det dominerande, for ikkje å seie det einerådande. Det dreier seg om det som vi i teologien vil rekne til Den heilage andens gjerningar – han som Jesus kalla Sanningsanden (jf. Joh 14:15-26; 16:12-15).

4.3 Open for trusskifte – til det livssynet som framtrer som mest truverdige

Grunnleggande trusposisjonar kan som nemnt ikkje bevisast, men vil kunne *sannsynleggjerast* i større eller mindre grad. Menneska i alle kulturar forsøker ved hjelp av *fornufta* å setje saman *erfaringane* sine til eit meir eller mindre heilskapleg system – ei heilskapleg tolking av røyndommen. Vi kjem knapt utanom dette. Det er dette vi gjer i klassisk systematisk teologi.

Det livssynet som framtrer som mest truverdige for oss vurdert i lys av sanningskriteria, vil då vere naturleg å rekne som det sanne. Det vil vere dette livssynet vi kjenner at vi bør slutte oss til og tru på. Den som er overtydd om at kristendommen er sann, vil seie: "Christianity makes better sense of all the evidence available than does any other alternative worldview."²⁷

På den andre sida risikerer ein ved ei slik trusposisjonsprøving at ein kjem ut av den med det motsette resultatet: at kristendommen ikkje lenger står fram som det mest truverdige alternativet. Ikkje minst den kjende missiologen Lesslie Newbigin har framheva at i møte med andre trusalternativ må vi vere villige til å setje vår tru på spel på ein slik måte at heile livssynspuslespelet vårt kan gå i stykke og må konstruerast på ein annan måte.²⁸ Også kristendommen krev dette i og med den plassen Jesus gir sanningskravet.

5 Akademisk fridom i teologien – tankar om retningslinjer

Til slutt vil eg inkludere litt om kva den her presenterte forståinga av teologien som vitenskap må innebere for den akademiske fridommen til (1) den teologiske forskaren, og for (2) den teologiske fors-

kingsinstitusjonen – som for eksempel NLA.

Vi kan operere med akademisk fridom på to plan: (1) Fridom innan det speleområdet som truskap mot føresetnadsgrunnlaget – dei grunnleggande trusposisjonane – opnar for. (2) Fridom til å overprøve sjølve føresetnadsgrunnlaget ein arbeider ut frå.

5.1 Fridom for forskaren innanfor rammene for dei grunnleggande trusposisjonane

Det bør vere rom for stor fridom så lenge ein legg dei gjeldande føresetnadene (trusposisjonane/verdigrunnlaget) ved institusjonen til grunn. Forsking inneber jo nettopp å kritisk revurdere rådande syn og pløye ny mark – grave fram nye innsikter, og svare på hittil uløyste spørsmål. Tidlegare avgrensingar av bibelske omgrep vert justerte og presiserte. Nye innsikter i kyrkjehistoria vert henta fram, gamle vert revurderte. Nye perspektiv på dogmatiske innsikter vert presenterte og diskuterte. Nye strategiar og metodar vert utvikla og utprøvde innan den praktiske teologien. Det er dette som gjer forskinga til forskning. Og her må institusjonar som NLA vere med på laget.

5.2 Fridom til prøving av og eventuelt brot med trusposisjonane

Kva så viss dei grunnleggande trusposisjonane vert rokka ved, sjølve føresetnadsgrunnlaget som NLA forskar ut frå? For eksempel: Kva viss trua på Bibelen som kjelde til og normative uttrykk for Guds openberring vert rokka ved?

Som vist i hovudpunkt 4 ovanfor bør også dei grunnleggande trusposisjonane kunne utsetjast for kritisk prøving. Det bør ikkje finnast noko standpunkt eller syn som vert friteke frå kritisk prøving. Innan teologien har vi jo egne disiplinær

som arbeider nettopp med dette, nemleg den teologiske religionsfilosofien og endå meir spesifikt apologetikken. Apologetikken vil kritisk vurdere dei grunnleggjande trusføresetnadene – i utgangspunktet for å forsvare dei. Men den kan i prinsippet ende opp med motsette – å avvise dei. Det må apologeten vere open for.

Vert ein forskar overtydd om at dei trusposisjonane som ein legg til grunn ved institusjonen, ikkje held mål, må vedkomande ikkje berre vere fri til å annonsere at han/ho har skifta syn, men bør oppmønstast til å stå ærleg fram med det. Meiner ein noko stikk i strid med for eksempel Norsk Luthersk Misjonssambands verdidokument, som alle fagleg tilsette ved FiH må samtykke i, må ein vere ærleg og seie det.²⁹ Og ein bør seie det til skuleleiinga først. Dette har med ekte forskarhaldning til sanningskravet å gjere. Ingen institusjon ser seg tent med forskarar som har mist trua på føresetnadsgrunnlaget som ein arbeider ut frå, men som lar vere å vedgå dette i klartekst. Ærlegdomskravet bør gjelde for alle partar i all forskning.

Elles kan vi vise til det som menneskerettane seier om trusfridommen og yringsfridommen, som i så måte vil gje forskaren støtte. Akademisk fridom er likevel ikkje heilt det same som generell trus- og yringsfridom. Vil ein presentere eit synskifte på grunnlag av eit akademisk forskingsresultat, inneber det i alle fall fagfellekontroll. Og ein bør stå ope fram med kva kriterier ein har lagt til grunn, korleis ein har brukt dei, og slik stille arbeidet lageleg til for hogg, for kritikk.

5.3 Brot med trusposisjonar og tilhøvet til arbeidsgjevar

Eit brot med dei grunnleggjande trusposisjonane, føresetnadane ein bygg på, som er inkluderte i verdigrunnlaget til institu-

sjonen, inneber *eit brot på arbeidsavtalen* mellom institusjon og tilsett og bør i prinsippet føre til at ein stiller stillinga si til disposisjon. Ein kan ikkje forvente at ein for framtida vil ha tillit som forskar og formidlar innan institusjonens samanheng etter at ein har avvist grunnleggjande føresetnader som institusjonen byggjer på.

Ein forskar som går inn i ei stilling der ein skriv under på eit dokument der eit bestemt føresetnadsgrunnlag for forskinga er føreskrive, må i prinsippet vere budd på at forskinga kan leie vedkomande dit hen at han/ho ut frå eit ærleg skifte av syn må bryte med føresetnadsgrunnlaget, eller deler av det. Men då må vedkomande også stille stillinga si til disposisjon. Å forvente å få bli i stillinga vil vere det same som å forlange einsidig å skrive om arbeidsavtalen eller neglisjere den.

I vurderingar av kva ein kan rekne som brot på institusjonens verdigrunnlag bør ein vel dømme ein hakk mildare når det gjeld forskinga enn når det gjeld undervisinga. Slik vert det også tenkt i den offentlege utgreiinga om akademisk fridom frå 2006, *NOU 2006: 19 Akademisk frihet*: ”Begrensingen i den akademiske friheten ved denne typen institusjoner vil komme til uttrykk primært når det gjelder undervisningen.”³⁰

Ei anna sak er kva ein som lønsmottakar kan forvente av omsorg frå ein kristen arbeidsgjevar. Her bør ein teologisk institusjon med basis i den kristne etikken vise stor romslegheit. Kanskje kan vedkomande få andre oppgåver som fritenk han/henne frå den problematiske forskinga? Eller vedkomande kan framleis ta imot løn utan å undervise, eller få ein høveleg fallskjerm.

Det gjeld at ein ved tilsetningar er svært påpasseleg med å sikre seg at dei som vert tilsette, forstår kva føresetnads-

grunnlag det er institusjonen arbeider ut frå, og kva konsekvensane kan verte dersom dei kjem til det syn at dei ikkje lenger kan akseptere dette føresetnadsgrunnlaget. Dette vert understreka også i *NOU 2006: 19*: ”En forutsetning for slike begrensninger av den enkeltes akademiske frihet ut fra et faglig og/eller verdimessig grunnlag [som ein forpliktar seg på å respektere], er at rammene foreligger klart og skriftlig angitt ved ansettelse, og at medarbeideren aksepterer denne rammen som en del av ansettelsesvilkåret.”³¹

5.4 Institusjonens akademiske fridom og rettar

Retten til å opererer ut frå eit bestemt verdigrunnlag er fastlagt i *Lov om universiteter og høyskoler*.³² Og vi har sett at alle utdannings- og forskingsinstitusjonar reelt operer ut frå eit verdigrunnlag. Og som understreka i *NOU 2006: 19*: ”Dette grunnlag vil for private institusjoner i mange tilfeller være knyttet til et bestemt livssyn. I norsk universitets- og høyskoletradisjon er vi mest kjent med livssynshøyskoler som har som sentral oppgave å utdanne personale for kirkelig virksomhet, barnehage, skole eller helsevesen.”³³ Det aller minste ein ikkje kjem bort frå å legge til grunn, er at ein må vere sanningsøkande og forske fram ny kunnskap og nye innsikter som ein finn gode grunnar til å presentere som truverdig. Dessutan er alle forskarar og institusjonar som driv forskning i Norge, forplikta på norske forskningsetiske retningsliner.³⁴

Dersom mange forskarar ved ein institusjon endrar syn på dei grunnleggande føresetnadene som vert rekna som gjeldande ved institusjonen – kanskje gjeld det majoriteten, kan det verte vanskeleg for leiinga ved institusjonen å ikkje akseptere endringane. Eit paradigmeskifte kan

finne stad ved institusjonen dersom leiinga følgjer dei som går inn for det endra føresetnadsgrunnlaget.³⁵ Dei tilsette forskarane som då ikkje vil endre syn, men halde fast ved det gamle paradigmet, vil få det vanskeleg. Samstundes kan ikkje institusjonen endre tilsetjingsvilkåra deira. Dei må ha rett til å arbeide innan det gamle paradigmet så lenge dei sjølv vil.

På den andre sida må vi kunne hevde at leiinga ved ein forskingsinstitusjon må ha rett til å halde fast ved dei gamle føresetnadene sjølv om mange av forskarane ved institusjonen har endra syn. Her dreier det seg altså om forskingsfridom for institusjonen – som fridom til å legge til grunn trusposisjonar som slett ikkje alle forskarar og institusjonar innan forskingsområdet vil semjast om.

Til forsvar for ein utstrekt institusjonell fridom i så måte kan mellom anna nemnast at ein dermed bidreg til å bevare ei fruktbar breidde innan den aktuelle forskinga – i staden for at heile rekkja av forskarmiljø innan faget svingar i takt med det føresetnadsgrunnlaget som til ei kvar tid framstår som mest populært og politisk korrekt.³⁶ Eit mangfald i rekkja av utdannings- og forskingsinstitusjonar innanfor eit fagområde inneber utfordringar og debatt mellom ulike syn, noko som normalt fremjar forskinga. Frå teologisk konservativt hald bør ein ikkje vere redd for slike utfordringar.

For eksempel FiH og NLA gjer krav på å representere dei sanne svara på dei djupaste livsspørsmåla. Då må ein evne å forsvare som truverdig det som ein trur på og formidlar. Derfor bør apologetikken få breiare plass. Dette vil samstundes bidra til at ein markerer seg endå sterkare som institusjonar som driv vitskapleg forskning.

6 Oppsummering

Vitskapleg teologi er medviten om sine grunnleggande trusposisjonar. Ein er medviten om – og kritisk til – metodane ein nyttar. Og ein er medviten om kva som er sanningstema. Ein er til og med open for kritisk vurdering av dei grunnleggande trusposisjonane ut frå rimeleg allmenne sanningskriterier, som rett nok bør gje stor plass til subjektive erfaringar, også religiøse slike. Akademisk fridom inneber at den enkelte forskar ærleg vedkjenner kvar han/ho står vedrørende grunnleggande trusposisjonar, også når vedkomande finn det rett å skifte syn. Ein forskingsinstitusjon må vere fri til å fasthalde føresetnadsgrunnlaget sitt når tilsette for eigen del endrar syn. Endring i syn på det føresetnadsgrunnlaget som ligg til grunn for arbeidskontrakten, må normalt innebære endringar i tilsetjingsforholdet.

Litteratur

- Audi, Robert. gen. red. *The Cambridge Dictionary of Philosophy*. Cambridge: Cambridge University Press, 1995.
- Austad, Torleif. *Tolkning av kristen tro: Metodespørsmål i systematisk teologi*. Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2008.
- Bourdieu, Pierre. *The Logic of Practice*. Stanford, CA: Stanford University Press, 1990.
- Christensen, Kurt. ”Postfundamentisme: En foreløbig præsentation af en problemstilling og et løsningsforsøg,” I *Ichthys*, 34 (2007), nr. 4.
- Christensen, Kurt. *Postmodernismens utfordring til*

kristendommens sandhed: Refleksjoner over den kristne apologetiks mulighed i en postmoderne kultur. København: Credo Forlag, 2005.

Cowan, Steven B. *Five Views on Apologetics*. Grand Rapids: Zondervan, 2000.

”Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og teologi” (ligg på <http://www.etikkom.no/no/>).

Gadamer, Hans-Georg. *Truth and Method*. New York: The Continuum Publishing Company, 1998, første utgåve på tysk i 1960.

Gravem, Peder. ”Livstolkning,” i *Prismet* 47, no. 6 (1996).

Grenholm, Carl-Henric *Att förstå religion: Metoder för teologisk forskning*. Lund: Studentlitteratur, 2006.

Grunnlagsdokument for ansettelse i Norsk Luthersk Misjonssamband. NLM. (ligg på

<http://www.nlm.no/nlm/ressurser/dokumenter/grunnregler-og-strategidokumenter/verdidokument>) Lov om universiteter og høyskoler, § 1-5: Faglig frihet og ansvar. Sjå <http://www.lovdata.no/all/hl-20050401-015.html#1-5>

Luther, Martin. *De servo arbitrio*. 1525.

Nash, Ronald H. *Faith & Reason: Searching for a Rational Faith*. Grand Rapids: Zondervan Publishing House, 1988.

Newbigin, Lesslie. *The Open Secret: An Introduction to the Theology of Mission*. Revised ed. Grand Rapids: Eerdmans, 1995.

Nome, John. *Kritisk forskerholdning i etikk og religionsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget, 1970.

NOU 2006: 19 *Akademisk frihet*.

Søvik, Atle Ottesen og Bjørn Are Davidsen, *Eksiterer Gud? En drøfting av argumenter for og mot*. Oslo: Cappelen Damm, 2013.

Thiselton, Anthony C. *New Horizons in Hermeneutics: The Theory and Practice of Transforming Biblical Reading*. London: Harper Collins Publishers, 1992.

Wigen, Tore. *Religionsfilosofi: En bok om tro, fornuft og livets mening*. Oslo: Luther forlag, 1993.

Wigen, Tore. *Vilkårene for begrunnelser i teologien: Overveielser med utgangspunkt i kritikk av kontekstualismen*, ikkje-publisert forelesingsdokument, datert Menighetsfakultetet, 27. februar 1997.

Noter

- 1 Sjå for eksempel artikkelen om “Epistemology” i *The Cambridge Dictionary of Philosophy*, red. Robert Audi. (Cambridge: Cambridge University Press, 1995), 233-238.
- 2 Ifølgje filosofen Hans-Georg Gadamer (1900-2002) bør hermeneutikken vere meir oppteken av sanningsspørsmålet, meir enn oppteken av tolkingsmetodar. Korleis kan vi rettferdiggjere som sant det vi trur er sant? Jf. tittelen på Gadamer bok om dette (i engelsk omsetjing): *Truth and Method* (engelsk, revidert utgåve frå 1996, først utgjeven på tysk i 1960). Jf. også Anthony C. Thiselton bok, *New Horizons in Hermeneutics: The Theory and Practice of Transforming Biblical Reading*. (London: Harper Collins Publishers, 1992), der han presenterer og samanfattar sanningsforståinga til tenkarar som Wolfhart Pannenberg, Paul Ricoeur, Jürgen Habermas, John R. Searle og andre.
- 3 Dette var eit hovudpoeng for filosofen Immanuel Kant (1724-1804). Vi kan ikkje vite korleis ein ting er i seg sjølv. Vi kan berre vite korleis den trer fram for oss gjennom sansane våre. Sjå *The Cambridge Dictionary of Philosophy*, 1995: 398-403.
- 4 Vi høyrer normalt lyd mellom 20 Hz og 20.000 Hz.
- 5 Omgrepet *forståingshorisont* vert gjerne avgrensa slik vi finn det presisert i Hans-Georg Gadamer bok *Truth*

and Method. Med “forståingshorisont” meinte Gadamer totaliteten av alt det som ein person veit, har erfart, forstår og meiner, medvite og mindre medvite, på eit gjeve tidspunkt, og som personen nyttar til å tolke og forstå meningsfylt materiale ut frå. Forståingshorisonten fungerer som ”fordommar” (Vorurteil) som vi tolkar alt vi møter, ut frå. Vi kan ikkje frigjere oss frå vår forståingshorisont. Den vil alltid vere basisen for ny forståing.

6 Sjå for eksempel artikkelen om “Truth” i *The Cambridge Dictionary of Philosophy*, 1995: 233-238.

7 Sjå Joh 14:6-7.

8 Jf. Tore Wigen’s forslag til omsetjing omsetjing av ”basic beliefs” til norsk i Vilkårane for begrunnelser i teologien: *Overveielser med utgangspunkt i kritikk av kontekstualismen*, ikkje-publisert forelesingsdokument, datert Menighetsfakultetet, 27. februar 1997: 6ff.

9 Sjå https://snl.no/Evklid%252Fgresk_matematiker Lasta med i mai 2016.

10 Sjå <http://www.etikkom.no/no/> Lasta med i mai 2016.

11 Lover om såkalla ”sjølvbestemt abort” og om aktiv dødshjelp rokkar ved tanken om menneskeverdet.

12 Sjå <http://www.jus.uio.no/smr/forskning/aktuelle-saker/2014/strategi.html> Lasta ned i mai 2016.

13 Sjå <http://nlm.no/nlm/ressurser/dokumenter/grunnregler-og-strategidokumenter/verdidokument>

14 Jf. Euklids geometriske postulat, nemnde ovanfor.

15 Jf. menneskerettane si forståing av mennesket som eigar av ei spesielt menneskeverd, som alle menneske kan påberope seg i same grad (likeverd for alle). Dette er trusposisjonar som humaniora normalt opererer med.

16 For eksempel Carl-Henric Grenholm skil ikkje mellom religionsvitskap og teologi. Ein teolog bør arbeide ut frå same føresetnader og etter same metodar som religionsforskaren. Vitskapleg teologi er ikkje anna enn religionsvitskap. Og religionsvitskapen må arbeide føresetnadslaut, meiner han. Jf. boka *Att förstå religion: Metoder för teologisk forskning* (Lund: Studentlitteratur, 2006), 55ff. I Sverige er Grenholms syn utbreidd i akademiske sirklar. Mykje kunne seiast denne forståinga av teologien – og trua på ei føresetnadslaus teologisk forskning, men får vere til ein annan gong.

17 Jf. Gadamers definisjon av omgrepet *forståingshorisont*. Sjå fotnote 5 ovanfor.

18 Pierre, Bourdieu. *The Logic of Practice* (Stanford, CA: Stanford University Press, 1990).

19 Jf. Ein kort presentasjon av dette omgrepet slik Plantinga brukar det, boka til Ronald H. Nash, *Faith & Reason: Searching for a Rational Faith* (Grand Rapids: Zondervan Publishing House, 1988), 21ff.

20 Jf. boka *Kritisk forskerholdning i etikk og religionsfilosofi* (Oslo: Universitetsforlaget, 1970), 85-87.

21 Jf. professor Torleif Austads skilje mellom immanent og transcendent kritikk i boka *Tolkning av kristen tro: Metodespørsmål i systematisk teologi* (Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2008), 51-52.

22 Jf. Tore Wigen, *Vilkårane for begrunnelser i teologien: Overveielser med utgangspunkt i kritikk av kontekstualismen*, ikkje-publisert forelesingsdokument, datert Menighetsfakultetet, 27. februar 1997.

23 Jf. det engelske omgrepet ”common sense”. Jf. Kurt Christensens handsaming av sanningskriteria i boka *Postmodernismens utfordring til kristendommens sandhed: Refleksjoner over den kristne apologetiks mulighed i en postmoderne kultur* (København: Credo Forlag, 2005), 326-339. Sjå også Christensens artikkel ”Postfundamentisme: En foreløbig præsentation af an problemstilling og et løsningsforsøg,” i *Ichthys*, 34 (2007), nr. 4. Jf. også Peder Gravem, ”Livstolkning,” i *Prismet* 47, no. 6 (1996).

24 Jf. Luthers lære om dei tre lys, som vi finn i skriftet *De servo arbitrio* (1525).

25 Jf. Lesslie Newbigin, *The Open Secret: An Introduction to the Theology of Mission* (Grand Rapids: Eerdmans, 1995), 169.

26 Sjå Søyvik og Davidsen, *Eksiterer Gud? En drøfting av argumenter for og mot* (Oslo: Cappelen Damm, 2013), 184-185.

27 Steven B. Cowan, *Five Views on Apologetics* (Grand Rapids: Zondervan, 2000), 18.

28 Sjå Lesslie Newbigin, *The Open Secret: An Introduction to the Theology of Mission*. Reviser ed. (Grand Rapids: Eerdmans, 1995), 184-186.

29 Tilsette ved NLA er tilsvarande forplikta på NLAs verdidokument.

30 NOU 2006: 19, side 23. Den som les framstillinga av Universitets- og høyskoleloven § 1-5 slik den er gjengjeven i NOU 2006: 19, skal vite at denne lova vart endra i lov av 14 des. 2007 nr. 117 (i.kr. 1 jan 2008 iflg. res. 14 des. 2007 nr. 1440), nettopp som eit resultat av NOU 2006: 19. Sitat frå denne lova er frå den endra lovteksta.

31 NOU 2006: 19, side 23.

32 Sjå Lov om universiteter og høyskoler, § 1-5: Faglig frihet og ansvar: <http://www.lovdatabank.no/all/hl-20050401-015.html#1-5> Lasta ned i mai 2016. Sjå spesielt punkt 2: ”Universiteter og høyskoler har ellers rett til å utforme sitt eget faglige og verdimesige grunnlag innanfor de rammer som er fastsatt i eller i medhold av lov.”

33 NOU 2006: 19, side 23.

34 Sjå <https://www.etikkom.no/forskningssetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/> Lasta ned i mai 2016.

35 Ein kan spørje om det er dette som har funne stad ved Menighetsfakultetet i Oslo. Samstundes har forstandarskapet enno ikkje endra grunnreglane – verdigrunnlaget som forskinga ved MF skal vere basert på. Situasjonen synest å vere uavklara. Vitskapleg klårleik må etterlysast!

36 Svinging i takt med det til ei kva tid populære har vel i stor grad vore trenden ved Teologisk fakultet ved Universitetet i Oslo.